

Tankekim og Prosessspørsmål - nr.2011-1

2.1 Kva er den faktiske situasjonen? Kva er stoda for dei forskjellige aldersgruppene?

2.2 Erkjenner vi at situasjonen tilseier framtidsretta planar og handling?

2.3 Kva mål avteiknar seg som dei beste?

2.4 Korleis vil vi at samfunnet vårt skal vera i framtida?

2.5 Korleis kan me få flest mogeleg med i prosessen for eit betra fellesskap?
Borna – ungdommane – dei vaksne – dei eldre?

2.6 Kva kan dei einskilde gjera?

2.7 Kva alternative strategiar kan tenkjast?

2.8 Kva nettverk bør vi etablera og/eller friska opp? Kan det vera fornuftig å få til samarbeid med for eksempel: Universiteta – Handelshøgskulen – BI – Høgskulane i Bergen – Høgtekknologisenteret – Vitensenteret i Bergen, etc.?

2.9 Kan desse utdanningseiningerane sine behov for aktuelle master- og doktorgradsoppgåver verta ei verdfull og rimeleg hjelp for oss? Jamfør ei VENN- VENN løysing!

2.10 Kan det vera ein aktuell tanke å stimulera Kvam, og evt. andre av kommunane kring Hardangerfjorden, til å etablira eit regionalt senter for forsking med spesielt fokus på økologi, miljø og naturvern?

2.11 Kanskje bør ein etablira "Hardangerforskning" og dernest arbeida i samspel med ulike nasjonale- og utanlandske forskingsmiljø i t.d. EU, FN, etc.?

Jamfør det store potensialet som spesielt Hardangerfjorden og Folgefonna representerer + at Hardanger treng sterkt til arbeidsplassar også av denne meir teoretiske kategorien.

2.12 Kan me få folk frå den moderne offshore- næringa med på laget? Obs, Mange positive, dugande personar frå Strandebarm/Kven arbeider offshore?

2.12 Korleis kan oppdrettsnæringa best integrerast?

2.13 Korleis kan ein best få til å byggje effektive nettverk? T.d.: Etablering av ei eiga WEB - basert Lokalavis for Strandebarm? Opprettig av nye bussruter som knyter folket og bygdene betre saman? Etablering av særlege temastader på facebook?

2.14 Korleis kan vi best stimulere til entreprenørskap?

2.15 Bør me laga permanent etablerarskule saman med gode fadderskapsordningar som tilbod til dei som vil starta verksemnd?

2.16 Ville det "gamle" skuleområdet og skulebygningane kunne verta ein høveleg felles tilhaldsstad / senter for nye verksemndspirer? Jamfør kombinasjonen rimeleg husleige og den flotte dugnadsånda som har rådd Strandebarm i lange tider! Dugnadsevna vart seinast demonstrert under bygginga av Strandebarm Idrettspark og det nye skuleanlegget.
Jamfør her omgropa "Inkubator-senter" og "Rugekasse" som vert nytta ein del andre stader.

Kva handlingsplanar utkrystalliserer seg som mest fornuftige?

Kva prioritering vil vera mest fornuftig?